



Namn på verksemd: Nynorsk kultursentrum

Om institusjonen

Namn NYNORSK KULTURSENTRUM
Organisasjonsnummer 976013263
Telefonnummer 70 04 75 70
E-post Per.magnus.finnanger.sandsmark@aasentunet.no
Bankkontonummer 3991 40 21530

Besøksadresse

Adresse Indrehovdevegen 176
Postnummer 6160
Poststad HOVDEBYGDA

Postadresse

Adresse
Postnummer
Poststad

Kontaktperson

Fornamn Per Magnus Finnanger
Etternamn Sandsmark
Telefonnummer 90812196
E-post Per.magnus.finnanger.sandsmark@aasentunet.no

Oppsummering og kontroll

Oppsummering av søknadsbeløp	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2018	2018	2019	2020
Kulturdepartementet	20 060	19 474	20 500	24 410
Sum nye tiltak				3 910
Oppsummering av søknad				
Totale egeninntekter	8 131	6 375	5 038	5 893
Ord. offentlig driftstilskot	24 714	24 255	24 121	29 881
Anna offentlig driftstilskot	990	2 075	3 574	3 700
Totale driftsinntekter	33 835	32 705	32 733	39 474
Totale driftskostnader	33 270	32 608	32 286	39 027
Driftsresultat	565	97	447	447
Årsresultat	650	174	537	522

	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018
Sum egenkapital	4 049	4 426	4 601

Eg stadfester at tala er korrekte	☒
-----------------------------------	-------------------------------------

Rapport - Økonomisk utvikling

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til likviditet

For kvart år lagar vi detaljerte likviditetsbudsjett som både sikrar optimal bruk av likvide midlar og høgst moglege finansinntekter. Utviklinga blir kontrollert mot likviditetsbudsjettet annankvar veke gjennom året. Eit ekspensivt år i 2018, med 25-årsjubileum, rekruttering av ny direktør og tre festivalar, gjorde at dei likvide midlane var mindre 31.12.2018 enn 1.1.2018. Ekspansive vedtak om å styrke administrasjonen gjer at vi har meir nytte av likviditetskontrollen i 2019 og 2020 enn tidlegare. At staten ikkje kompenserer heilt for løns- og prisvekst, og kommunar og fylkeskommunar følgjer dømet er òg utfordrande for oss når det varer over fleire år. Vi følgjer særleg med på likviditeten når vi planlegg å gjennomføre større investeringar.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigeninntekter

Marknadsinntektene utgjorde 23 prosent i 2018. Det er om lag det same som dei to føregåande åra. DKS-sal er medrekna.

Vare-, produksjons- og lønskostnadene i butikk og kafé er auka meir enn inntektene. Underskota for butikk- og kafédrift var 250t i 2016, 407t i 2017 og 538t i 2018. Ein har forsøkt å bøte på butikkunderskotet med å oppbemanne. Den strategien har ikkje fungert, og arbeid for å redusere kostnadene og auke innteninga er sette i gang.

Gåve- og sponsorinntektene aukar år for år, frå 1 073t i 2016, 1 393t i 2017 og 1 579t i 2018.

Billettinntektene aukar i dei åra vi har fleire festivalar, men utstilling har gått ned. I 2019 gjer vi fleire tiltak for reiselivet, og fornyar arbeidet med utstillingar for å nå fleire.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

I 2018 passerte lønskostnadene 50 prosent, og har halde seg mellom 50 og 53 prosent sidan. Lønskostnadene har auka med 17 prosent medan inntektene har auka med 11 prosent. Det har vore behov for oppbemanning på fleire område, særleg personal/administrasjon og kulturfaglege oppgåver. Det er også planen i åra som kjem, gitt auka offentlege løyvingar til Vinje-senteret og omorganisering av staben elles. Nynorsk kultursentrum arbeider for at meir honorar skal bli betalt ut som næringsinntekt. Særleg i Allkunne har det vore ei utvikling mot meir bruk av honorar som løn. Det er tids- og kostnadskrevjande.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigenkapital

Nynorsk kultursentrum har mål om å passere 5 000 000 i oppspart eigenkapital i 2020. Målet er å fordele eit budsjettoverskot i 2019 med 300 000 kr til og 200 000 kr til avsetjing, basisutstilling, Vinje eller forskning/ minneinnsamling, avhengig av tilsag på søknader. Dette kjem i tillegg til det vi søker om midlar til av nye prosjekt, og i tillegg til oppauking av eigenkapitalen.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Nynorsk kultursentrum har solid likviditetsstyring, temmeleg god eigenkapital, eit oppspart vedlikehaldsfond til uføresette vedlikehaldskostnader på 600 000 kr.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Sidan 2016 har institusjonen arbeidd med "aksjon kostnadskutt". Nynorsk kultursentrum har hatt ein veldig analog marknadsføringsstrategi, med avisannonsering og postdistribusjon, som vi endrar frå 2019. I 2019 endrar vi også til meir effektive administrative system for å spare tid, og gjere ein del oppgåver sikrare.

Nynorsk kultursentrum lagar etterkalkylar for alle festivalar, og for kvar sesong.

I 2019 og 2020 er å forbetre kvaliteten på utstilling, forskning og dokumentasjon førsteprioritet. Det

har vi gjort ved å rydde meir tid til desse oppgåvene.

Økonomi - Eigeninntekter

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2018	2018	2019	2020
Billettinntekter	1 785	1 649	1 180	1 900
Honorar		22	10	20
Inntekter frå butikk	1 777	1 508	1 560	1 607
Inntekter frå kafé	875	835	780	796
Inntekter frå andre varer		20	0	0
Utleige av lokale	60	109	54	70
Andre tenester	1 363	300	0	0
Sponsorinntekter	491	607	201	400
Gåver	450	972	953	1 100
Andre	1 330	353	300	0
Totalt	8 131	6 375	5 038	5 893

Budsjettpostane «Honorar», «Inntekter frå andre varer» og «Inntekter frå andre tenester» bør spesifiserast her.

Honorar: For fordrag og arrangement vi står for sjølve.

Sponsor: Sponsoravtalar med Sunnmørsposten og annonsesal Dei nynorske festspela. I 2020 er det budsjettert med nye sponsorar for Ulvik poesifestival (berre i partalsår) og Litteraturdagane i Vinje.

Gåver: Sparebanken Vest, Sparebank1 Søre Sunnmøre, Sparebankstiftinga Hardanger, Norsk forfattersentrum, Fritt Ord, Det Norske Samlaget og 7 andre forlag. Desse er spesifiserte i årsmeldinga. Det er sannsynleg med ein auke fram mot opning av basisutstilling i Vinje.

Den kulturelle skulesekken er flytta frå "inntekter andre tenester" til eigen post i denne rapporteringa. Inntekter andre tenester i 2018 er administrasjon av prosjektet Nynorsk lesedøgn for Det Norske Samlaget.

Inntekter andre varer: Sal av varebil 2018

Økonomi - Offentleg tilskot

Ordinært offentlig driftstilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
	2018	2018	2019	2020
Kulturdepartementet	20 060	19 474	20 500	24 410
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	1 222	1 487	1 225	1 875
Kommune/kommunar	3 432	3 294	2 396	3 596
Anna				
Totalt	24 714	24 255	24 121	29 881

Spesifisering av anna offentlig ordinært driftstilskot

Vinje kommune har til no auka tilskotet i tråd med avtalen, og skal i 2020 auke frå 1 050 000 til 1 200 000. Det er òg budsjettert med auke frå Telemark fylkeskommune frå 200 000 til 800 000, Møre og Romsdal frå 150 000 til 200 000 og Ørsta/ Volda kommunar frå 75 000 kvar til 100 000 kvar. Frå Hordaland og Ulvik er det budsjettert med løns- og prisvekst. Dette er i tråd med søknadene om offentlege tilskot.

Andre offentlege tilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
	2018	2018	2019	2020
Kulturdepartementet	239	239	1 532	800
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	125		75	500
Kommune/kommunar	352	506	600	1 100
Den kulturelle skolesekken		853	837	900
Anna	274	477	530	400
Totalt	990	2 075	3 574	3 700

Spesifisering av andre offentlege tilskot

Det er budsjettert med å bruke delar av løyvingane til basisutstilling Vinje-senteret i 2020 (opning i 2021). Det er budsjettert med 800 000 kr av tilskotet frå KUD i 2017, 400 000 kr frå fylket og 1 000 000 kr frå kommunen. Kommunen løyva 600 000 kr som blir brukt i 2019. Forprosjekt Økland-tunet 100 000 kr er òg budsjettert med frå fylkeskommunen. Andre offentlege tilskot er bl.a. prosjektilskot forskning frå Kulturrådet (saman med tre museum i Møre og Romsdal) og tilskot frå Utdanningsdirektoratet til prosjekt i Allkunne.

Totale driftsinntekter	33 835	32 705	32 733	39 474
-------------------------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Økonomi - Driftskostnader

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2018	2018	2019	2020
Utgifter til butikk	1 219	1 074	1 000	960
Utgifter til kafé	297	350	300	300
Andre varer og tenester	3 520	5 790	4 182	7 900
Lønnskostnader	15 399	16 025	16 533	19 564
Pensjonskostnader	865	1 075	851	1 131
Avskrivningar	667	657	694	750
Drift av lokale	1 534	1 558	1 322	1 396
Vedlikehold av lokale/bygg	876	201	300	300
Husleigekostnader	317	295	328	428
Andre driftskostnader	8 576	5 583	6 776	6 298
Totale driftsutgifter	33 270	32 608	32 286	39 027
Driftsresultat	565	97	447	447

Økonomi - Finanspostar og ekstraordinære postar

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2018	2018	2019	2020
Finanspostar				
Finansinntekter	85	79	90	75
Finanskostnader		2		
Resultat	85	77	90	75
Ekstraordinære postar				
Ekstraordinære inntekter		0		
Ekstraordinære kostnader		0		
Resultat		0		
Årsresultat	650	174	537	522

Økonomi - Balanse

Anleggsmidler	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018
Immaterielle egedelar	0		
Varige driftsmidler	3 214	3 681	4 288
Finansielle driftsmidler	0		
Sum anleggsmidler	3 214	3 681	4 288
Omlaupsmidler			
Varer	967	1 140	1 245
Krav	1 105	817	833
Finansielle investeringar	0		
Bankinnskot, kontantar o.l.	3 924	5 279	4 896
Sum omlaupsmidler	5 996	7 236	6 974
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	270	270	270
Opptent eigenkapital	3 779	4 156	4 331
Sum eigenkapital	4 049	4 426	4 601
Gjeld			
Langsiktig gjeld	0		
Kortsiktig gjeld	5 161	6 491	6 661
Sum gjeld	5 161	6 491	6 661
Summering			31.12.2018
Sum egedelar			11 262
Sum eigenkapital og gjeld			11 262

Eg stadfestar at rekneskapen er revidert



Kryss av her viss tiltaket er ei kommunal/ fylkeskommunal eining og ikkje utarbeider eigen balanse.



Kommentarer til rekneskap og balanse. Sjå hjelpetekst.

Rapport - Vurdering av måloppnåing

Rapportering av måloppnåing (oversyn)

Namn på mål

Oppbygging av drift Vinje-senteret

Ta over Littetraturdagane i Vinje frå 2018

Styrkje fellesfunksjonen seinast frå 2019

Avklare driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet

Programplan for deltaking i Frankfurt 2019

Andre krav og føresetnader for statstilskotet i rapporteringsåret

Dei 2 680 000 til Allkunne er nytta etter formålet. Departementet skriv "AS" i tildelingsbrevet, men frå 2016 er Allkunne ei ordinær driftsavdeling. Vi viser til brev 1.9.2016, vår ref. 412-379 OG.

Tilskotet til Vinje-fondet, 612 000 kr, blei ikkje nytta til formålet i 2018. 26 000 kr blei nytta til annonsering og administrasjon, som ikkje førte til gode nok søknader. Etter avtale med KUD blir resterande nytta i 2019, sjå brev frå Natalia Ryan 10.8.2018.

Gåveforsterkingsmidlar for 2017 og 2018 på til saman 345 945 kr blir inntektsførte i 2019 og nytta etter formålet då, sjå årsmelding.

Midlane elles er nytta i tråd med måla for løyvingane til museum, og vi har eigne system for å følgje opp nasjonale og eigne mål. NK følgjer òg krava om arbeid med trygging og vernebuing og universell utforming og følgjekort. NK har oppdatert rutinane for trakassering.

Tilskot til Språkfakta Interaktiv er nytta til formålet og nettstaden opna i februar 2019 på allkunne.no.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Nynorsk kultursentrum er det største litteraturmuseet i Noreg, driv det einaste senteret for dikting og journalistikk i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det største språkmuseet i Norden og det eldste språkmuseet i verda, og det einaste redigerte leksikonet på nynorsk. Rekna i inntekter er vi den tredje største nynorskinstitusjonen. Vi er den einaste institusjonen med museum i tre fylke, og ein av få aktørar som opnar nye museum i Noreg.

Nynorsk kultursentrum er ein tydeleg tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar, og har styrka samarbeidet med m.a. Høgskulen i Volda, Nynorsksenteret, Landslaget for Nynorskkommunar, Musea i Møre og Romsdal og International Network of Language Museums.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Oppbygging av drift Vinje-senteret

Omtale av venta resultat i høve til målet

Målet er å opne Vinje-senteret med eit komplett tilbod våren 2020. Dei første arrangementa i regi av Vinje-senteret gjennomførte vi alt i 2016, og vi trappar opp verksemda med jamt nye tilbod i åra som kjem.

Stillinga som dagleg leiar ved Vinje-senteret blir lyst ut i mars 2017, i 2018 vil vi gjere tilsetjingar i to nye stillingar, og i 2019 tilset vi vonleg i den siste faste stillinga. Her følgjer vi regien frå oppbygginga av Hauge-senteret, som vi meiner er blitt eit svært vellykka tiltak. Vi har vist kva vi kunne få til i Ulvik med sine 1200 innbyggjarar. No skal vi vise kva som er mogleg i Vinje kommune med 3700 innbyggjarar.

I 2016 gjorde vi ein samarbeidsavtale 2017-2020 med Vest-Telemark museum, og vinteren 2017 gjorde vi ein overtakings- og driftsavtale med Vinje kommune. Dermed ligg alt til rette for at vi tek over forvaltninga av det freda kulturminnet Vinjestoga frå 2018. Ein god dialog er også etablert med Telenmark fylkeskommune og nasjonale aktørar.

Slik sikrar vi at det solide lokale fundamentet blir bygt ut vidare ti nasjonalt nivå

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Den første daglege leiaren ved Vinje-senteret byrja 1.1.2018. I 2018 blei også stilling nr. 2 lyst ut, ei utstillingsgruppe (med Harald Stanghelle, Sigrun Høgetveit Berg, Ingrid Sponheim og Kristian Lødemel Sandberg i tillegg til direktøren og dagleg leiar) sett ned. Nynorsk kultursentrum tok over omvisingane ved Vinjestoga i 2018 frå Vest-Telemark museum, og får positive tilbakemeldingar på det faglege innhaldet i omvisingane.

Med planane som ligg føre no opnar bygget i 2020 og utstillinga i 2021 eller 2022. Bygget er fullfinansiert av stat, fylkeskommune og kommune. Staten har løyva sitt bidrag til utstilling, kommunen har løyva delar av bidraget og fylkeskommunen og private aktørar er interesserte. Frå 2018 løyva både fylkeskommune, kommune og stat midlar til Vinje-senteret, men staten auka ikkje i same takta som kommunen.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Ta over Litteraturdagane i Vinje frå 2018

Omtale av venta resultat i høve til målet

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje har vedteke å be om forhandlingar med oss om å gjere Litteraturdagane i Vinje til ein del av Vinje-senteret, slik Ulvik poesifestival er ein del av verksemda til Hauge-senteret. Ei slik løysing vil styrkje både festival og senter; det er den eintydige erfaringa frå Hauge-senteret.

Forhandlingane tek til våren 2017, og vi reknar med at ein avtale kan presenterast i august 2017. Det inneber at vi frå 2018 har ansvaret for tre språk- og litteraturfestivalar som alle er godt innarbeidde. Styret vedtok i desember 2016 ein ny langtidsplan for festivalar som tek høgd for ei slik utvikling.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Litteraturdagane i Vinje er frå 2018 ein del av Vinje-senteret. Festivalen blei gjennomført med 2 183 gjester fordelt på 33 arrangement. Dette er rekord for denne festivalen. Programmet er også vidareutvikla, med ein tydeleg profil med skjønnlitterær og journalistisk prosa.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Styrkje fellesfunksjonen seinast frå 2019

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum held eit svært høgt aktivitetsnivå og stod i 2016 for 507 eigne arrangement og utstillingar - med berre vel 20 årsverk til rådvelde. Den ekspansjonen som er dokumentert og kommentert ovanfor i økonomirapporten, er gjennomført med same administrative kapasitet som for fem år sidan, og med same kapasitet innanfor kommunikasjon, marknadsføring og digital publisering. I dette ligg at direktøren fyller to fulle roller - direktør og administrasjonssjef. Styret vedtok i desember 2016 at ei stilling som administrasjonssjef må på plass seinast frå 2019 for å sikre forsvarleg arbeidsmengd for alle, samordne arbeidet med inntektsskapande tiltak endå betre og utvikle personalfunksjonen vidare i ein institusjon i vekst. Det neste steget vil vere å etablere ei kommunikasjonsavdeling innan 2020.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Fellesfunksjonen administrasjonssjef blei oppretta i styremøtet 20.9.2018 og tilsett i desember med ny stilling frå 1.4.2019. Samstundes profesjonaliserer vi det felles administrative arbeidet, med betre digitale verktøy, meir effektiv og sikker økonomistyring og arkivfunksjon, og betre samhandling emllom dei tilsette i fellesfunksjonar.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Avklare driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet

Omtale av venta resultat i høve til målet

Med støtte frå Kulturrådet og i samarbeid med fleire kulturinstitusjonar la vi i 2008 fram ein omfattande forprosjektrapport om Jon Fosse-arkivet. Dette arkivet er deponert av forfattern i Aasen-tunet. Vi har enno ikkje funne den høvelege staden for arkivet, knytt til aktiv formidling, heller ikkje den beste driftsmodellen. Dette vil vi avklare innan utgangen av 2018, mellom anna i samråd med Kulturrådet og Kulturdepartementet.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

I 2018 har mykje av arbeidet med Jon Fosse sin forfattarskap omhandla Fosse-året 2019 med festivalar i Noreg og Tyskland. Arbeidet med arkivet blir utsett til etter denne feiringa er overstått.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Programplan for deltaking i Frankfurt 2019

Omtale av venta resultat i høve til målet

Vi har etablert kontakt med NORLA iom samarbeid fram mot markeringa av Noreg som hovudland ved Frankfurter Buchmesse i 2019. Vår rolle vil vere tiltak som dokumenterer og formidlar den språkdelte norske kulturen, og vi har planlagt ei bok for utgiving hausten 2019 i samarbeid med Samlaget. Dette 2019-tiltaket er eit av fleire større og internasjonale prosjekt i tida 2015-2020.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

NORLA har ikkje følgt opp kontakten frå oss om arrangement, men vi bidreg med artiklar til nettstaden på norsk og engelsk om nynorsk litteratur og nynorske forfattarar. Vi har òg oppdatert og omsett fleire artiklar til engelsk på allkunne.no.

Nynorsk kultursentrum har vald å gjere hovudinnsatsen i Bokåret 2019 innanlands, og som ein del av den nasjonale markeringa av lesing og bøker.

Tidlegare direktør Ottar Grepstad arbeider med boka "Den norske røynsla" om å løyse kulturelle konflikter utan vald. Han har motteke stipend til dette privat, og prosjektet blir følgt opp av han vidare.

Søknad - Mål og prioriteringar

Måla for verksemda i søknadsåret (oversyn)

Målnummer	Tittel/omtale
2	Forskning: Tre tilsette skal vere kvalifiserte som konservator NMF
4	Fornyng: Setje i gang eit internasjonalt samarbeidsprosjekt
1	Formidling: Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller vaksne i minst 75 kommunar
3	Forvaltning: Fullføre arbeidet med registrere og katalogisere kulturhistoriske gjenstandar frå samtidsdokumentasjon 2000-2014 og fotosamlinga ved Hauge-senteret i Primus
5	Formidling: Lansere Nynorsk.no

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Hovudpunkt frå «Visjon og strategi 2018-2021», vedteke i styret i juni 2017. Denne blir rvidert i 2019.

1 Nynorsk kultursentrum er ei kunnskapsbedrift og ein lærande organisasjon med sterk vilje til fellesskap, systematisk resultatvurdering og svært utoverretta arbeid. Alle større prosjekt er gjennomførte innanfor budsjett, og institusjonen er utan langsiktig gjeld.

2 Føremålsparagrafen inneber at vi prioriterer kunst- og kulturuttrykk på nynorsk i retning av ein språkpolitisk ambisiøs visjon. Summen av det vi gjer, er med og påverkar biletet av kva nynorsk skriftkultur rommar, og kva nynorsk handlar om. Vi gjer det vi kan for å utvide bruksområdet for nynorsk.

3 Språk er den viktigaste infrastrukturen i samfunnet, formar kvardagen for alle og gjer oss til eit kvardagsmuseum. Vi skal vere der språkbrukarane og lesarane er.

4 Vi er ein av svært få kulturinstitusjonar i heile Norden som konsekvent arbeider med skriftkulturens perspektiv og for oss femner litteratur om både skjønnlitteratur og sakprosa. Musea våre arbeider under ein høgare himmel i form av vidare rammer enn det personane og sjangrane gir. Vi vekslar mellom munnleg og skriftleg litteratur, frå songlyrikk til journalistikk. Aasen-tunet arbeider med heile den nynorske skriftkulturen, Hauge-senteret og Vinje-senteret dekkjer både nynorsk og bokmål, og Allkunne utviklar ein nynorsk digital skriftkultur. Jamførande perspektiv skal no prege meir av det vi gjer.

5 Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i vår regi. Likevel skal vi våge å prøve ut nye idear. Det er lov å feile og nødvendig å lære av feila.

6 Vi er det vi gjer, og det vi gjer, skal vere til nytte for andre. Vi vekslar mellom det kommersielle, populære og fagleg viktige. Vi arbeider systematisk med å nå ut til nye grupper. Ingen prosjekt er avslutta før dei er formidla og gjort kjende.

7 Vi vil vere ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar. Ved å ha ei rolle internasjonalt blir vi viktigare både nasjonalt, regionalt og lokalt.

8 Vi er eit av få norske museum som eig fleire nettstader enn bygningar. Gjennom digitale tenester når vi ut til minst ti gonger fleire enn dei som gjestar arrangement og utstillingar.

9 For kvar krone ekstra vi får i offentlege tilskot, skaffar vi som regel ei krone sjølve. Auka offentlege tilskot er framleis ein nødvendig føresetnad for styrkt drift.

10 Resultatmåla for institusjonen i 2021 er desse:

- Fire driftsavdelingar i Ørsta, Ulvik og Vinje med minst 23 fast tilsette
 - Fri eigenkapital på 4,5 millionar og vedlikehaldsfond på ein million
 - 60 000 tekstdokument i Allkunne og på dei andre nettstadene
- 11 Gjestetala tel, men innhaldet avgjer. Den beste ideen er enno ikkje tenkt.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Forskning
Tittel/omtale av mål	Tre tilsette skal vere kvalifiserte som konservator NMF

Omtale av venta resultat i høve til målet

I 2019 kartleggjer Nynorsk kultursentrum kompetansen til dei kulturfaglege tilsette, med sikte på å heve det faglege nivået, auke arbeidet med forskning, og sikre utstillingar og formidlingsopplegg av høg kvalitet. Nynorsk kultursentrum deltek også i fleire eksterne forskingsprosjekt i 2019 og 2020, der eit viktig resultatkrav er auka eigenkompetanse på forskning.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Fornyning
Tittel/omtale av mål	Setje i gang eit internasjonalt samarbeidsprosjekt

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum leier International Network of Language Museums. Nokre museum, særleg dei i Sør-Korea, Litauen og Canada, er store nok til at dei kan vere med på eit større samarbeidsprosjekt med utstilling, nettutstilling eller felles publisering. Det er teke initiativ til tettare samarbeid mellom desse musea i 2018 og 2019.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Formidling
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller voksne i minst 75 kommunar
----------------------	--

Omtale av venta resultat i høve til målet

Det er nynorske skulekrinsar i 139 kommunar i 2018. Etter kommunereforma er det om lag 120. I tillegg er det registrerte nynorske skattebetalar i alle kommunane, flest i dei største byane. For å nå formålet vårt må vi nå desse nynorskbrukarane, og gjere innbyggjarane elles i desse medvitne den nynorske skriftkulturen.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Forvaltning
----------	-------------

Tittel/omtale av mål	Fullføre arbeidet med registrere og katalogisere kulturhistoriske gjenstandar frå samtidsdokumentasjon 2000-2014 og fotosamlinga ved Hauge-senteret i Primus
----------------------	--

Omtale av venta resultat i høve til målet

Desse to tiltaka er lagt inn i arbeidsplanane for dei dokumentasjonsansvarlege i 2020. I 2019 registrerer vi dei kunsthistoriske gjenstandane.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Formidling
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Lansere Nynorsk.no
----------------------	--------------------

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk.no skal formidle alt det faglege og aktuelle innhaldet Nynorsk kultursentrum arbeider med. Nettstaden skal også vere inngangsporten til informasjon om stiftinga, avdelingane og ikkje minst om kva nynorsk skriftkultur er.

Søknad - Mål og nye tiltak

Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot (oversyn)

Prioritering	Namn på tiltaket	Søkt KUD
1	Forsking og formidling ved Vinje-senteret	2 000
2	Minneinnsamling og forsking	950
3	Bokåret som aldri stansar	960

Namn på tiltaket	Forsking og formidling ved Vinje-senteret
Kostnadsoverslag i heile tusen	3 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2020
Eigenfinansiering		200
Kulturdepartementet		2 000
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		600
Kommune/kommunar		150
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		50

Grunngiving

Kommunen bidreg med 1050' og fylket med 200' i 2019. Vi viser elles til Inst. 14 S (2018-2019): "Komiteen viser til satsingen på bygging av nytt Vinje-senter for dikting og journalistikk i Vinje. Dette er en svært positiv satsing som skal dokumentere saksfelt ingen andre museer i dag dekker – romaner og noveller på bokmål og nynorsk, fortellinger om journalistikk som ingen andre har formidlet før, og forholdet mellom dikting og journalistikk. [...] Komiteen vil likevel påpeke at Vinje-senteret bare har én fast ansatt, og at midler til drift ikke har økt i takt med midlene til utstilling og bygg. Videre utvikling av innholdet vil være avhengig av at det også fremover settes av friske midler til drift."

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Til no har vi etablert bygge- og utstillingsprosjektet, teke over festival, etablert fast kulturprogram og i 2019 produserer Nynorsk kultursentrum dei tre første vandreutstillingane frå Vinje-senteret (om skeiv litteratur, debutantar og A.O. Vinje) med Bokåret-midlar. Takka vere lokal finansiering byrjar museums- og festivalsekretær 1.4.. Dei to årsverka som er i avdelinga driftar dei tilboda som finst. Utvikling av det faglege tilbodet manglar institusjonen kompetanse på. Å overføre midlar frå det nasjonale senteret i Aasen-tunet eller midlar det er knytt regionale og lokale forpliktingar til ved Hauge-senteret er ikkje mogleg.

Namn på tiltaket	Minneinnsamling og forskning
Kostnadsoverslag i heile tusen	1 150

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2020
Eigenfinansiering		100
Kulturdepartementet		950
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		100

Grunngiving

Dei to skriftspråka har ført til ein rikare norsk kulturarv. Vi ønskjer å gå i djupna på fleire av dei som har bidrege til å utvikle kunst, politikk og praktiske tiltak for nynorsk språk. I 2019 gjer vi videoopptak og intervjuar Ola E. Bø, Guri Vesaas, Marie Lovise Widness, Bodil Cappelen systematisk. Den neste er Audun Heskestad. Dette gir innsikt i norsk teater, kringkasting, norsk og internasjonal barnelitteratur, songlyrikk, skriftlyrikk, forlagsdrift, omsetjing og målrørsele som elles ikkje blir dokumentert. Dette er byrjinga på ei større satsing på minneinnsamling, forskning i det og formidling av det. Vi har ei liste med 70 yngre og eldre frå ulike bransjer og fylke, som til saman gir eit bilete av nynorsk skriftkultur.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Det kulturfaglege miljøet er lite. Vi har to dokumentasjonsansvarlege (ein i Ørsta og ein i Ulvik), to formidlarar (same fordeling), programansvarleg (Ørsta) og bibliotekar (Ørsta). Det trengst ekstern forskingsfagleg kompetanse til å auke kvaliteten, og sørgje for at vi får gjort denne viktige innsamlinga før folk forsvinn utav tida, og friske midlar til at vi i tillegg til å ta att det tapte kan byrje å dokumentere notida. Tiltaket er ein del av det nasjonale oppdraget til Aasen-tunet, som ikkje har regional eller lokal finansiering (berre til Dei nynorske festspela).

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Bokåret som aldri stansar
Kostnadsoverslag i heile tusen	960

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2020
Eigenfinansiering		0
Kulturdepartementet		960
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

I Bokåret 2019 sender Nynorsk kultursentrum over 30 utstillingar på turné i heile landet, arrangerer nynorske barnebokveker med arrangement i Hordaland, Hallingdal, Telemark, Setesdal, Ryfylke, Sunnmøre og Nordfjord med sakprosa, lyrikk og forteljingar som tema. Vi arrangerer også større arrangement for vaksne i Trondheim, Stavanger, Valdres og Oslo i tillegg til ved festivalane og hovudarenaene våre. Dei fleste som er registrert med nynorsk sjølvmelding bur i byar, og nynorskelevar finst i heile sør-Noreg. Vi vil gjerne føre vidare satsinga på formidling i heile landet etter 2019.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Nynorsk kultursentrum fekk 700 000 kr til Feiring av vers og forteljingar i Bokåret 2019, og 260 000 kr av tiltaket "Heile Noreg les". Ei omdisponering av midlane vil føre til færre arrangement ved hovudarenaene våre, eller ved at vi må erklære nokre stillingar innanfor butikk/kafé overtallige.

Avslutting

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskot frå posten Nasjonale kulturbygg for søknadsåret?

☐ Ja

☒ Nei

Eg er kjent med at søknaden er offentlig.



Andre kommentarar til søknaden

Utstillingsplan for Vinje-senteret er klar i ei førsteutgåve 15.3. og ei endeleg desember 2019. Vi held departementet orientert om vidare finansiering og framdrift av utstillinga gjennom året.

Arkivert: 28-02-2019 10:13:01 AR308670606

Arkivert: 28-02-2019 10:13:01 AR308670606